

201102452-12
2011/2011

Til:

Norges vassdrags- og energidirektorat

Frå:

Jan-Terje Brudevoll
Liv Ingunn Vada Brudevoll
Arild Brudevoll
Kjell – Arne Myrvoll

Syvde, 16.5.2013

Høyringsuttale til konsesjonsøknad for Brandefjellet kraftverk

Med dette ønskjer vi i fellesskap å leggje fram våre innspel vedrørende Småkraft sin konsesjonssøknad for Brandefjellet kraftverk i Syvde, dykkar saksnummer 201102452.

Brevet vil i hovudsak ta problemstillingar knytte til Kvitla og det råka området i høgfjellet. I dette området utgjer skylda til underteikna grunneigarar om lag 50 prosent, medan vi eig størstedelen av området nedanfor den planlagde overføringskanalen mellom Kvitla og Bruelva i heilskap.

Følgjande punkt vil no verte drøfta;

1. Tap av fossefall og natur- og friluftslivsverdiar
2. Manglande og feilaktige opplysningar i konsesjonssøknaden
3. Landbruksinteresser og vassforsyning til gardane og bustadane på Brudevoll
4. Merknadar til Småkraft si rolle i søknadsprosessen
5. Oppsummering

Vedlagt følgjer også eit brev sendt frå underteikna grunneigarar til Småkraft (datert 13.8.2010), der vi tidlegare har freista å ta opp fleire av punkta nemnt i teksten. Diverre har Småkraft ikkje ønskt å gå i dialog med oss, men har i staden valt å ignorere sentrale konsekvensar av utbyggingsalternativet presentert i den aktuelle konsesjonssøknaden.

1. Tap av fossefall og natur- og friluftslivsverdiar

Fossefall

Fossane i Årdalselva og Bruelva er sentrale for prosjektet. Desse fossane er godt synlege frå store deler av Syvde, og i frå fjorden (også illustrert ved bilete i Vedlegg 3, s. 45, i søknaden).

Ei utbygging med tilhøyrande drenering og røyrlegging vil medføre ein vesentleg reduksjon i vassføringa. Dette representerer eit drastisk naturinngrep. Fossane i Årdalselva og Bruelva representerer ein positiv landskapsverdi for både fastbuande og turistar frå både inn- og utland. Som grunneigarar er vi såleis svært uroa over dei moglege konsekvensane den

skisserte utbygginga vil ha for framtidig busetnad og turisme til Syvde og Vanylven.

Natur- og friluftslivsinteresser

Utbyggingsområdet er i dag eit viktig område for rekreasjon og friluftsliv. Dette inkluderer fotturar sommartid, skiturar vinterstida, jakt og fiske. Det er og ei rekke hytter i området. Som grunneigarar ser vi dette som viktige verdiar for både Syvde og Vanylven.

Det at Vanylven Idrettsråd si turrute nr. 45 er merka til Høgenipa og at Syvde Idrettslag inkluderer Tryggesteinen i sine postar i Fjelltrimmen, stadfestar området si positive rolle for både fastbuande og turistar sine rekreasjonsmoglegheiter i Syvde. Denne tur-ruta vil måtte krysse det skisserte utbyggingsområdet.

Den skisserte overføringa av vatn frå Kvitla, ein vesentleg del av dette i ein open kanal i høgfjellet (illustrert og nærare forklart på side 9 i søknaden), må sjåast som eit omfattande naturinngrep som vil rasere området slik vi kjenner det i dag. Plasseringa i høgda 480 moh.-550 moh. vil også gjere inngrepet synleg på lang avstand frå Syvdefjorden og kringliggande fjellområde. Eit slikt inngrep vil vere svært skjemmande både for fastbuande, turistar og potensielle tilflyttarar. Dette har vi også teke opp med Vanylven kommune som i sin arealplan vurderer området til eit LNF-område.

Med bakgrunn i OEDs retningslinjer av 2007¹ som oppmodar bl.a. til involvering av brukarinteresser og at ein bør unngå inngrep som medfører bortfall eller vesentleg reduksjon av verdifulle landskapselement også lokalt, ser vi ikkje at ein planlagt produksjon på 13.6 GWh kan forsvare eit slikt omfattande naturinngrep.

2. Manglande og feilaktige opplysningar i konsesjonssøknaden

Matelva

Vi finn det sær merkverdig at konsesjonssøknaden ikkje inneheld ei einaste referanse til vassdraget «Matelva» (Sjå vedlegg 1). Som karta i vedlegget syner, har denne sitt utsig ved kote 525, i same nedbørsområde som er skissert grøfta for oppsamling i overføringskanal (Vedlegg 6). Matelva renn til slutt saman med Kvitla når den er på høgde med Gnr. 83. 3 og 6, men har ingen overlapping før dette.

At Småkraft som utbyggjar ikkje omtaler eit eksisterande vassdrag i eit skissert utbyggingsområde finn vi nokså uvanlig. Føreset Småkraft at vassdraget skal totalt drenerast bort og tørrleggjast?

I så fall snakkar ein om eit vesentleg større inngrep enn allereie omtala i søknaden.

¹ Olje- og energidepartementet, 'Retningslinjer for små vannkraftverk - til bruk for utarbeidelse av regionale planer og i NVEs konsesjonsbehandling, 18.6.2007, s. 12

Eigedomsforhold i området tilknytt prosjektet

Første og siste delen av fjellvegen til utbyggingsområdet i fjellet er eigd privat mellom grunneigarane Jan- Terje Brudevoll, Kjell- Arne Myrvoll og Liv Ingunn Vada Brudevoll. Grunneigarane på Landsverk, som er medeigarar i nedre del av fjellvegen er naturlegvis godt kjende med dette. Som eineeigarar av den øvre delen av fjellvegen er det svært provoserande at Småkraft og utbyggjarane let vere å opplyse om dette i søknaden. At vegen er planlagt brukt, og til og med forlenga, utan forslag eller dialog om bruksavtale og kompensasjon står fram som nok eit døme på klare feil og manglar i planlegginga av dette prosjektet.

Feilaktige opplysningar i søknaden

Biletet i søknaden på side 51 i søknaden er presentert som ei «Kvern ved Kvitla». Dette er tvert i mot restane av eit tidlegare kraftverk, noko også restane av rørgatene ovanfor syner (s.52). Det aktuelle kvernhuset for Kvitla er plassert vesentleg lenger nede.

3. Landbruksinteresser og vassforsyning til gardane og bustadane på Brudevoll

Beiteområde for husdyr

Den skisserte dreneringsgrøfta vil øydelegge eit viktig beiteområdet for dei tilknytte gardane på Brudevoll. Inngrepet vil gjere dette svært utfordrande, særskilt med tanke på dyra sin tryggleik når dei skal krysse grøftene. Det beste beitet er på øvre side av grøfta. I søknaden er grøfta omtala på følgjande måte; «Den åpne kanalen vil få en bredde på om lag 2 meter, og en dybde på om lag 1 meter» (s.11). Dette kan sjølvstendig ikkje kombinerast med beiting. Vi har tidlegare informert Småkraft (vedlagt brev av 13.8.2010) om behovet for overgangar for dyr ved grøfting. Vi registrerar at dette framleis ikkje er teke omsyn til konsesjonssøknaden. Sommarbeiting i området er naudsynt for framtidig husdyrhald. Det må her også nemnast at Koppen, som inkludera følgjande eigedommar; Gnr.87 br.1 Martin Nordal, Gnr.87 br.2 Ottar Koppen (dødsbu), Gnr.87 br.3 Dagfinn Gjerde, Gnr.87 br.4 Rolf Myrvoll, Gnr.87 br.5 Inge Årset, har alle beiterett i området omfatta av utbygginga. Gnr.87 br.3 Dagfinn Gjerde nyttar denne aktivt kvar sommar. Vi ser det som sannsynleg at fleire av desse også vil stille krav om kompensasjon ved ei eventuell utbygging.

Dyrking er ikkje eit alternativ sjølv om dette er nemnt i søknaden. Alternative beiterettar er til dags dato ikkje juridisk avklara i retning mot Vik, men beiterettar i høgfjellet har vore praktisert på begge sider av elva. Kvitla har likevel tradisjonelt fungert som ei naturleg historisk grense for dyra, ein funksjon som ville endre seg ved redusert vassføring. Dette vil medføre andre løysingar som mellom anna ei omfattande oppsetting av gjerde langs Kvitla.

Vi stiller oss undrande til at utbyggjarane og Småkraft ikkje har freista å imøtekomme desse kjende problemstillingane gjennom t.d. tilbod og kompensasjon, og ser oss difor nøydd til å førebu rettslege krav om kompensasjon dersom det skulle bli gjeve løyve til prosjektet.

Vassforsyning

Konsesjonsøknaden tek ikkje omsyn til potensielle konsekvensar prosjektet vil medføre for vassforsyninga til grunneigarane på Brudevoll. Dette ser vi som svært provoserande. Særleg grøftinga i fjellet vil ta bort mykje av tilsiget til vassdraga «Kvitla» og «Matelva». Særskilt grunneigarane Liv Ingunn Vada Brudevoll (Gnr. 83 – 3 og 6) og Jan- Terje Brudevoll (Gnr. 83 – 1 og 2) vil risikere reduksjon i tilsiget til brønnane sine, noko som kan medføre store økonomiske konsekvensar ved behov for utbetring (t.d. ved boring for å nå tak i meir stabile vasskjelder). Liv Ingunn Vada Brudevoll koplar seg allereie i dag direkte på Matelva i årlege tørkeperiodar. Syvde vassverk er utanfor rekkevidde. Då heller ikkje denne problemstillinga er drøfta i søknaden eller i prosessen vil ei eventuell vidareføring av prosessen tvinge fram krav om kompensasjon.

Flaum

Som grunneigarar er vi sterkt uroa over at Småkraft som utbyggjar ikkje tek omsyn til potensielle flaumfarar for hus, bygningar og menneske i eit område med mykje nedbør og skogsområder. Syvde har tidlegare vore råka av omfattande flaumar, seinast i 2004.

4. Merknadar til Småkraft si rolle i søknadsprosessen

Småkraft med sterk uvilje til dialog med involverte grunneigarar

Underteikna grunneigarar har ved gjentakande høve freista å ta opp fleire av ovanfor nemnte punkt med Småkraft med sikte på å kunne kome til sameinte kompromissløyisingar. For å illustrere dette har vi lagt ved eit brev sendt til Småkraft (Vedlegg 2 - brev frå grunneigarane på Brudevoll til Småkraft av 13.8.2010).

Vi beklagar at Småkraft ikkje har sett det som høveleg å svare på verken dette eller andre dialogforsøk. At Småkraft som utbyggjar i staden skisserer eit prosjekt der ein i praksis kutter store delar av vassføringa i «Kvitla» og tørlegg «Matelva» utan å framsette tilbod om kompensasjon er eit ekspropriasjonsforsøk vi ikkje kan akseptere. Då ei realisering av Brandefjellet kraftverk vil gjere ei separat utbygging av Kvitla og Matelva umogleg, vil det frå vår side vere naturleg å krevje erstatning for ekspropriasjon av fallrettar etter marknadsverdi. Vi viser her til § 51 i vassressurslova² vedrørande ekspropriasjon og ekspropriasjonserstatning. Med bakgrunn i vassressurslova vil det naturlegvis verte kravd erstatning og kompensasjon frå underteikna grunneigarar. På bakgrunn av manglande dialogvilje og inga tilvising til desse eigedomsforholda i søknaden går vi ut i frå at dette ikkje er kalkulert inn i det framlagde kostnadsoverslaget.

Vi ser ein slik vesentleg mangel som svært merkverdig frå Småkraft si side, og for oss styrkar dette inntrykket av eit dårleg planlagt og handsama prosjekt som ikkje bør førast vidare.

Alternative utbyggingsalternativ

² LOV 2000-11-24 nr 82: Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven).

Vi stiller oss undrande til at det ikkje er skissert alternative meir skånsame løysingar som ikkje inkluderer grøfting av Kvitla i høgfjellsområder. Ein kunne her t.d. vurdere separate utbyggingar av Kvitla og Bruelva/Årdalselva for å unngå svært synlege inngrep i høgfjellet.


5. Oppsummering

Vi har i dette skrivet forsøkt sette fokus på dei svært synlege naturmessige konsekvensane av det planlagde Brandefjellet kraftverk for grunneigarar, lokale innbyggjarar og Syvde og for Vanylven kommune i heilskap. Samstundes har vi peika på fleire klare feil og manglar i søknaden, både når det gjeld eigedomsforhold, faktumet at Småkraft har latt vere å drøfte spørsmål kring vassdraget «Matelva» og spørsmål kring kompensasjon for bortfall av mogleg utbygging av Kvitla og konsekvensane for landbruksinteresser. Småkraft og utbyggjarane sin uvilje mot å drøfte desse spørsmåla før innsending av konsesjonssøknad vurderer vi som eit teikn på eit dårleg planlagt prosjekt som heilt klart ikkje bør realiserast.

På bakgrunn av dette vonar vi at NVE ser at det ikkje er grunnlag til å godkjenne konsesjonssøknaden for Brandefjellet kraftverk.

Med vennleg helsing,


Gnr. 83 – 1 og 2


Jan -Terje Brudevoll

Gnr. 83 – 3 og 6


Liv Ingunn Vada Brudevoll

Gnr. 83 – 4 og 5


Arild Brudevoll

Gnr. 83 – 7


Kjell -Arne Myrvoll